

SAK 14-13 SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE, EKTA VARE

Saksopplysning

I brev dat. 14.3.2013 søker kulturkoordinator i Hallingdal om kr. 60.000 til kultur- og reiselivstreff Hallingdal 2013 – Ekta Vare.

Kulturkoordinatoren i Hallingdal, Sigurd Rotvik Tunestveit, har etter klare og tydelege signal frå både reiselivs- og kulturaktørar i Hallingdal teke initiativ til ein ny møteplass for desse to næringane. Ei breitt samansett arbeidsgruppe har vore med på det førebunde arbeidet.

Søknaden gjeld støtte til gjennomføring av eit storstilt inspirasjons- og nettverksarrangement for reiselivsbedrifter og kulturbedrifter i Hallingdal, som skal arrangerast på Dr. Holm's Hotel september 2013, som det står i søknaden: «Eit sterkt og inspirert kultur- og reiseliv med god samhandlingsevne – som tilbyr gjester og fastbuande det ekte, autentiske og unike for vår region – EKTA VARE.»

Med «EKTA VARE» ynskjer ein å inspirere til:

- *Eit styrka fokus på det ekte og identitetsdefinerande ved Hallingkultur – både i kulturarv og nye uttrykk*
- *Nye og kreative samarbeid i utviklinga av reiselivs- og kulturprodukt*
- *Auka kunnskap og kjennskap mellom kultur- og reiselivsbransjane i Hallingdal*
- *Fleire «friske fråspark» i jakta på konsept og kvalitetar som byggjer Hallingdal som kulturell merkevare*

Arrangement vil bli fylt med inspirerende faginnlegg, gode døme på vellukka prosjekt utanfrå, kreativ bruk av kulturkrefter og rikeleg tid til samtale og samarbeid med nye menneske, som vil vere med å «byggje bru» mellom ei sterk reiselivsbransje og vårt varierte og attraktive miljø av kulturaktørar.

Totalt budsjett er på kr. 360.000.

Vurdering

Tiltaket er positivt og i tråd med Strategisk plan for Hallingdal, med utvikling av reiselivet og auka samhandling med m.a. regionalt næringsliv.

Opplevingar og kultur får stadig ein meir sentral plass i reiselivsnæringa og blir og trekt fram i nasjonal satsing. I regjeringa sin reiselivsstrategi blir det peika på at Norge har eit aktivt kulturliv som kan bidra til å gi innhald i reiselivsprodukt på forskjellige måtar. Involvering av kultursektoren er eit mål i reiselivspolitikken.

Reiselivsnæringa må dreies fra enkeltstående tradisjonelle reiselivsprodukter til et samarbeid om helhetlige opplevelsprodukt som inkluderer kultur, mat, historie, natur og aktiviteter, i tillegg til transport og overnatting. Visjonen er at vi gjennom å tilby verdifulle opplevelser skal skape verdier for de besøkende, bedriften, de ansatte, lokalsamfunnet, og Norges verdiskaping.

Dette er utvilsomt eit rett grep som er viktig for Hallingdal som region, for å koma nye publikumsbehov i møte. Det er og eit tiltak og tilbod som kulturaktørar og reisleivsaktørar har ettersport.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 60.000 til kultur- og reiselivstreff Hallingdal 2013 – Ekta Vare.
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at tilskotet blir løyvd frå partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2013.

Ål 30.5.2013
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Søknad frå kulturkoordinator i Hallingdal, dat. 14.3.2013

Regionrådet for Hallingdal

Torget 1
3570 Ål

«EKTA VARE»

v/ Sigurd Rotvik Tunestveit
Ål kulturhus
3570 Ål

Hallingdal, 14.03.2013

Søknad om stønad: «EKTA VARE» - kultur- og reiselivstreff Hallingdal 2013

Denne søknaden gjeld stønad til gjennomføring av eit storstilt inspirasjons- og nettverksarrangement for reiselivsbedrifter og kulturbedrifter i Hallingdal, som vil arrangerast på Dr. Holm's Hotel september 2013. Eit bidrag frå Regionrådet er avgjerande for gjennomføringa, men fyrst og fremst eit viktig signal om at dette er noko regionen treng og ynskjer: Eit sterkt og inspirert kultur- og reiseliv med god samhandlingsevne – som tilbyr gjester og fastbuande det ekte, autentiske og unike for vår region – EKTA VARE.

Kort om bakgrunnen for arrangementet:

Kulturkoordinatoren i Hallingdal, Sigurd Rotvik Tunestveit, har etter klare og tydelege signal frå både reiselivs- og kulturaktørar i Hallingdal teke initiativ til ein ny møteplass for desse to felta. Ei gruppe ressurspersonar har vore med på det førebauande arbeidet, der òg Regionrådet har vore representert gjennom Ulrikke Ytteborg og Knut Arne Gurigard. Gruppa har elles bestått av:

- Pål K. Medhus, turistsjef Hol kommune
- Marianne Grodås, turistsjef Hemsedal kommune
- Martin Myhr, frilansar
- Gry Tøsdal, dagleg leiar Hallingdal Teaterverkstad
- Gunn Eliassen, dagleg leiar Hallingdal Reiseliv
- Sigurd Rotvik Tunestveit, kulturkoordinator for Hallingdal – prosjektleiar

Med «EKTA VARE» ynskjer vi å inspirere til:

- Eit styrka fokus på det *ekte og identitetsdefinerande* ved Hallingkultur – både i kulturarv og nye uttrykk
- Nye og kreative samarbeid i utviklinga av reiselivs- og kulturprodukt
- Auka kunnskap og kjennskap mellom kultur- og reiselivsbransjane i Hallingdal
- Fleire «friske fråspark» i jakta på konsept og kvalitetar som byggjer Hallingdal som kulturell merkevare

Eit storstilt arrangement spekka med inspirerende faginnlegg, gode døme på vellukka prosjekt utanfrå, kreativ bruk av kulturkrefter og rikeleg tid til samtale og samarbeid med nye menneske, vil vere med å «byggje bru» mellom ei sterk reiselivsbransje og vårt varierte og attraktive miljø av kulturaktørar. Dette er utvilsamt eit viktig og riktig grep for å kome nye publikumsbehov i møte, og eit tilbod aktørane sjølv har vore raskt på banen og etterpurt etter at kulturkoordinator-prosjektet tok til i september 2012.

Vi vonar difor Regionrådet vil innvilge vår søknad om kr. 60.000,- til gjennomføring av prosjektet jf. vedlagte budsjett.

For ytterlegare informasjon eller andre spørsmål, ta kontakt med underteikna.

Med von om positiv respons,

beste helsing –

for prosjektet «EKTA VARE»



Sigurd Rotvik Tunestveit

Kulturkoordinator i Hallingdal

kulturkoordinator@hallingdal.no

Tlf: 938 69 109

Budsjett

versjon 14.03.2013

**"EKTA VARE" - Kultur- og reiselivstreff Hallingdal
16.-17.SEPTEMBER 2013**

<i>Grunnfinansiering</i>	<i>Inntekter</i>	<i>Utgifter</i>
Støtte, Regionrådet for Hallingdal	60000	
Støtte, Hallingdal Reiseliv (Innovasjon Norge)	60000	
Sponsormidler	35500	
Deltakaravgift (estimert 110 x 950,-)	104500	
Eigeninnsats	100000	
<i>Hovudpostar arrangement</i>		
Vertskap - Dr. Holms Hotel inkl. overnatting/lunsj/middag/frukost/lunsj		100000
Foredrag/workshops inkl. * innleigde bidragsytarar * workshop * anna		30000
Kulturprogram		30000
Teknisk leige (lyd/lys/rigg)		25000
Overnatting/reise kulturaktørar		20000
<i>Andre utgifter</i>		
Administrasjon prosjektleiing (200 timer) timebetaling frilansbidrag		100000 3000
Promotering/marknadsføring design/trykk flyers anna materiell (agenda, namneskilt osv.) stunt/anna marknadsføring		4000 4000 12000
Andre/uforutsette utgifter		32000
SUM	360000	360000



Sigurd Tunestveit
Prosjektleiar